



Sherpa ved sjøkanten saman med Morten (Foto: Ola Matti Mathisen9)

**Pasang Sherpa heiter den blide og trivelege asiaten som denne sommaren har vore i aktivitet på Systemene Nilsen. Han er 35 år gamal og kjem som etternamnet fortel frå Himalaya, som blir kalla verdas tak. Verten, Morten Nilsen, har henta han hit og Pasang har i høg grad bidratt til å skape trivsel ved sjøkanten, slik det står i mottoet til restauranten. Han har fått mange vener i Uskedalen.**



Pasang i nasjonaldrakt saman med fetteren Tendi (Foto: Morten Nilsen)

Apropos sjøkanten: Pasang syntes nok det var litt skremmande med bølgiene på fjorden, men ellers er han full av lovord om vårt land som på fleire vis kan minna om Nepal.

-Det er vakkert her og folk er så vennlege, seier Pasang, som håpar å få sjå meir av landet vårt før han dreg heim først i

September. Turen går i alle fall innom Oslo.

Neste år håpar han å få komma att hit, men først skal han heim og jobba som guide i dei fascinerande fjellområda han er oppvaksen og bur i.

Men korleis kom Morten i kontakt med han? Det skjedde i 2009, under det "fjellfanten" Morten kallar "sitt første store prosjekt". Pasang var guide for ei gruppe som også bestod av 2 frå Sør-Afrika. Ein av dei vart sjuk. Dei nådde ei høgde på 6192 meter som den gongen var personleg rekord for Morten, som klarer seg fint i slike høgder og berre har hatt lette symptom på høgdesjuken.

Morten vart vilt begeistra for Nepal. Folk er hyggjelege, rolege og audmjuke. I dette biletet tel det med at dei er buddhistar. Nepal minnar om Noreg og nordmenn bør trivst der, meiner Morten. Når det gjeld prisen for ein tur dit, er den heller ikkje avskrekkjande.



[Ama Dablam er målet for ekspedisjonen i haust \(Foto: Morten Nilsen\)](#)

Jobben som guide i Himalaya går i stor grad i arv. Faren til Pasang, Dawa, er guide og det er også brøne hans, som er 3 og heiter Kusang, Kancha og Lahkapa. Som 80 prosent av folket har dei Sherpa til etternamn – det er både eit namn og eit folkeslag som eigentleg kjem frå Tibet. Fjellguidinga skaut for ålvor fart på 1980-talet. Familien vi skriv om her bur rundt 2000 meter over havet. Der er det godt klima med dyrking av til dømes mais og poteter. Snøgrensen ligg så høgt som på 4500 meter.

Pasang har førebels guida opp til 7000 meter og som dei andre guidane nyttar han ikkje oksygen. Det neste store prosjektet til Morten er – ikkje overraskande – ein tur til og i Nepal. Han har vore med på planleggjinga saman med Pasang. Turen går i oktober, varer i 3 veker og kostar 2000 dollar for dei som skal gå og det dobbelte for dei som skal klatre..Oppslutnaden er snart så stor som den ideelt sett bør vera - med 15-17 deltakarar.

-Dei som blir med vil få oppleve eitt eventyr som dei vil hugse resten av livet, lovar Morten.

Og firmaet til Pasang har dette mottoet: Kom som en gjest og reis som en venn!



Dette er Dzongla-dalen! (Foto: Morten Nilsen)

Av Ola Matti Mathisen



Pasang håpar at han kjem att hit (Foto: Ola Matti Mathisen)